

i Eksamen i EXPHIL03 Hausten 2020 – sjølvstudiumsvarianten

Du skal svare på både Filosofihistorie (del I) og Etikk (del II).

Tips og triks:

- Du treng ikkje tenke på å lagre det du skriv. Inspira autolagrar kvart 15. sekund og kvar gong du byter frå ein del av oppgåva til ein annan.
- Du kan velje målform øvst i høgre hjørne.
- Øvst til venstre ser du kor mykje tid det er att på eksamen.
- Du kan auke storleiken på skrivevinduet ved å trykke på ikonet med fire piler over vindaugget. Du set han tilbake ved å trykke på same ikonet ein gong til.

Formelle krav til oppgåvesvaret:

- Sjølvstende. Oppgåvesvaret du leverer skal vere ditt eige, sjølvstendige arbeid, og eit resultat av eiga læring og arbeidsinnsats. Difor: Ikkje "klipp og lim", bruk hovudsakleg dine eige ord, og ikkje samarbeid med andre kandidatar medan eksamen går føre seg.
- Kjeldetilvising. Om du gjev att tekst ordrett, skal dette markerast som sitat, og du må oppgje kjelde eller opphavsperson. Når du med eigne ord gjev att fakta, påstandar eller resonnement henta frå andre stader, treng du ikkje oppgje kjelde, men du må fortelje kven sine ideer du bruker. Du treng ikkje lage ei litteraturliste.

Generelt for semesteroppgåve og eksamensspørsmål:

- Plagiatkontroll: Alle oppgåvesvar blir elektronisk kontrollert for plagiat mot tekstar på nett og mot oppgåvesvara til andre studentar, både for dette semesteret og tidlegare semester. Tekst som viser seg å vere kopiert frå andre stader kan føre til mistanke om fusk/forsøk på fusk, med mogleg alvorlege konsekvensar for deg som student.
- Prøva har automatisk innlevering når eksamenstida er omme. Om du etter å ha byrja på eksamen likevel ikkje vil levere oppgåvesvaret, må du trekkje deg frå eksamen eller slette alt du har gjort i oppgåvesvaret. Trykk på ikonet øverst i høye hjørne for å få opp valget "Jeg vil trekke meg".

Dersom du har tekniske problem, ring instituttet på 22 84 45 99

Dersom du har faglege spørsmål til oppgåva, kan du kontakte faglærer:

Ingvild Torsen, tlf. 22 85 78 50

Panos Dimas, tlf. 450 66 434

Lukke til på eksamen!

1 Del I Filosofi- og vitskapshistorie

Svar på 1 eller 2













1. Både a) og b) skal svarast på

a) I moralfilosofien sin meiner David Hume at vi ikkje logisk kan slutta frå *er* til *bør* eller frå deskriptive fråsegn til normative fråsegn. Kva meiner Hume med dette og korleis grunngir han denne oppfatninga?

b) Gjer greie for Aristoteles funksjonsargument og ta stilling til om Aristoteles blir ramma av Humes avvising av moglegheita for å slutta frå *er* til *bør*.

2. Kva er sikker kunnskap? Legg fram minst eitt argument for kva som kjenneteiknar sikker kunnskap og nokre moglege innvendingar. Vis til éin eller fleire filosofar på pensum i svaret ditt. Drøft om det faget du studerer på universitetet kan seiast å innehalda sikker (eller delvis sikker) kunnskap.

Skriv svaret ditt her...

Format | **B** | *I* | U | x_2 | x^2 | I_x |  |  |  |  |  |  |  |  |  |  |  | 

Words: 0

Maks poeng: 0

2 Del II Etikk

Svar på 3 eller 4












3. Både a) og b) skal svarast på

a) I artikkelen sin *Riss av eit system for ein utilitaristisk etikk* hevdar utilitaristen J. J. C. Smart at han vil forankra etikken sin i eit prinsipp som «velvillig innstilte og vennlegsinna menneske» ville samtykka i. Kva prinsipp meiner Smart slike menneske ville velja? Drøft moglege innvendingar mot dette prinsippet. Vis til éin eller fleire filosofar frå pensum i svaret ditt.

b) Deontologen Charles Fried hevdar i kapitlet *Elementer* frå boka *Rett og Galt* at etikken må forankrast i eit prinsipp som ikkje har konsekvensar som «sømelege menneske» vil meina er uakseptable. Fried meiner at rett og gale må vera basert på «respekt for personar – respekt for andre og sjølvrespekt». Forklar kva dette prinsippet inneber og drøft moglege innvendingar mot det. Vis til éin eller fleire filosofar frå pensum i svaret ditt.

4. Er det moralsk problematisk å eta ikkje-menneskelege dyr? Legg fram eitt argument for at det er problematisk og eitt argument for at det ikkje er det. Kva argument er mest overtydande og kvifor? (Hint: du må visa til *grunnar*, ikkje berre fortelja kva du meiner!) Vis til éin eller fleire filosofar frå pensum i svaret ditt.

Skriv svaret ditt her...

Format | **B** | *I* | U | x_2 | x^2 | I_x |  |  |  |  |  |  |  |  |  |  | ABC | 

Words: 0

Maks poeng: 0